

Problemområde i tenestetilbudet til rusmiddelmissbrukarar

«Kommunane har ansvaret for å gi rusmiddelmissbrukarar eit heilskapleg tilbod som sikrar nødvendige sosial- og helse-tenester»

Sentrale problemområde i tenestetilbudet til rusmiddelmissbrukarar er kor tilgjengelege tenestene er, kva dei inneheld, og om krava i lovgjevinga blir følgde. Vidare er det problem knytte til å gi eit heilskapleg tilbod og til kunnskapen om behandlinga.

Statens helsetilsyn har samanstillt og oppsummert resultatane frå tilsynsaktivitetar med tenestetilbudet til rusmiddelmissbrukarar i perioden 2004–2006.

Tidlegare publiserte rapportar, artiklar og brev viser nokre felles tema og område der det er funne svikt eller fare for svikt. Problemområda er:

- Manglande tilgjenge – kapasitetsproblem, geografiske forskjellar og andre variasjonar.
- Fare for svikt i innhaldet – manglande kompetanse, kvalitet og manglande eller mangelfull etterleving av faglege retningslinjer.
- Krava i lovgjevinga blir ikkje etterlevde – som følgje av manglande kunnskap og veike punkt eller avgrensingar i lovgjevinga.
- Manglande heilskapleg og samanhengande tenestetilbud.
- Manglande eller mangelfull kunnskap og systematisk registrering på nasjonalt nivå og i den enkelte tenesta.

Statens helsetilsyn har tidlegare formidla resultatane frå dei ulike aktivitetane til ansvarlege instansar. Vi registrerer at tilsynserfaringane våre på rusområdet fell saman med tilgjengeleg forskingskunnskap og

annan erfaringsbasert kunnskap, og at dette ser ut til å bli følgt opp i ulike tiltak både på politisk og administrativt nivå. «Regjeringens handlingsplan mot rusmiddelproblemer 2006–2008» viser at det er teke initiativ til å følgje opp det Helsetilsynet på ulike måtar har peikt på når det gjeld svikt og fare for svikt. I St.prp. nr. 1 (2007–2008) frå Helse- og omsorgsdepartementet blir det fremja forslag om ein opptrappingsplan for rusfeltet.

Vi ønskjer å trekkje fram to område som har særlege utfordringar. Det eine gjeld mangelen på fagleg konsensus og kunnskapsbasert behandlingsspraksis i fleire av dei tverrfaglege spesialiserte tenestene. Det andre er det ansvaret kommunane har for å gi rusmiddelmissbrukarar eit heilskapleg tilbod som sikrar nødvendige sosial- og helse-tenester, og for å gi dei ein stad å bu og høve til å utvikle sosiale nettverk og eit liv med meningsfulle aktivitetar.

Helsetilsynet har mandat til å gripe inn når vi får kunnskap om verksemdar eller helsepersonell som utøver verksemda si i strid med lovgjevinga. I tillegg vurderer vi status og behov for ny tilsynsaktivitet på rusområdet i dei årlege prioriteringsprosessane.

Litteratur:

[Tjenestetilbudet til rusmiddelmissbrukere: Oppsummering og vurdering av funn og erfaringer fra tilsynsaktiviteter i 2004–2006.](#) Brev fra Statens helsetilsyn til Helse- og omsorgsdepartementet 13. desember 2007. www.helsetilsynet.no